

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 20.11.2020
Sakhandsamar: **Arve Varden, Evy-Helen Helleseeth og Øystein Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2020**

Arkivsak
2020/1529
Styresak 069/2020

Styremøte 27.11.2020

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per oktober 2020 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Aktiviteten i oktober var lågare enn budsjett. Innanfor somatikken og utan H-resept var aktiviteten målt i DRG-poeng 94,7 prosent av budsjettert aktivitet og 97,3 prosent samanlikna med førre år. Dette er ein nedgang samanlikna med september, men administrerende direktør er nøgd med at ein over tid har hatt ein jamn auke i aktiviteten samtidig som ein har handtert pandemien. Innanfor somatikk var aktiviteten lågare på dag/døgn behandling målt mot budsjett, medan aktiviteten på poliklinikkane var omlag på budsjett. Psykisk helsevern hadde høg aktivitet på døgnavdelingar for vaksne, medan aktiviteten er noko under budsjett for rus og barn og unge.

Resultatet i oktober vart eit underskot på 0,5 millionar, som er 4,3 millionar under budsjett. Til no i år er resultatet eit overskot på 32,5 millionar, som er 4,1 millionar betre enn budsjett. Resultatet for oktober er noko bak budsjett, men dette skuldast mykje kostnader som ikkje er relatert til perioden. Administrerende direktør er godt nøgd med resultatet til no i år. Estimert økonomisk effekt knytt til covid-19 er 80 millionar og fram til no har vi nytta 74,5 millionar av ekstraløyvinga på 98,2 millionar. Dersom det ikkje kjem større endringar som følgje av pandemien, er administrerende direktør si vurdering at Helse Førde vil få eit resultat som er betre enn budsjett i 2020.

Ventetid for ventande innafor somatikk er 65 dagar ved utgangen av oktober (66 dagar i september). Samanlikna med oktober -19 er dette ein auke på 18 dagar. Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som har fått starta behandling er 67 dagar hittil i år (63 dagar på same tid i fjor). Som administrerende direktør tidlegare har kommunisert, skuldast manglande måloppnåing og auke i ventetid både for ventande og behandla, pandemien, som set sitt preg på dei somatiske avdelingane. Gjennomsnittleg ventetid for ventande og behandla i Helse Førde følgjer trenden til dei andre helseforetaka i Helse Vest. Innafor Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) har det vore ei svært positiv utvikling dei siste månadene der gjennomsnittleg ventetid for dei som har fått starta helsehjelp har hatt ein reduksjon frå 53 til 30 dagar dei siste månadene. Administrerende direktør forventar at PBU, Psykisk helsevern vaksne og rus når måltala sine.

Pandemien set også sitt preg på fristbrot. Førrebels er det registrert 204 nye fristbrot i oktober. Dette svarer til 9,4 prosent av alle med frist i oktober. Målet er at fristbrot ikkje skal forekomme, og administrerende direktør får tilbakemelding om at det blir jobba hardt i avdelingane for å unngå dette.

Helse Førde ligg stabilt lågt med 1 % på andel ikkje møtt. Dette er svært bra. Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,8%. Vi ligg også stabilt lågt på korridorpatientar, 0,2%. Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,1%. Også for epikrisetider innafor 7 døgn har vi gode tal. Både PHV og somatikk når måltalet på 90%. Innafor Trygg Pleie registrerer administrerende direktør at den gode utviklinga har stabilisert seg. Dette tyder på at det er fokus på området og blir jobba godt med i avdelingane.

Sjukefråværet har auka dei siste månadane og var i september 7,3 %. Dette er 1,2 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månadane er 6,5 prosent, som er lik heile 2019. Administrerende direktør registrer ein auke i korttidsfråvær, medan det er ein nedgang i langtidsfråvær. Auken var ikkje overraskande da pandemien har medført lågare terskel for å halde seg heime ved symptom på sjukdom.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 65 dagar ved utgangen av oktober (66 i september). 47 i oktober 2019. Altså +18 frå i fjor.
- PHV: 14 dagar ved utgangen av oktober (16 i september). 17 i oktober 2019. Altså -3.
- PBU: 24 dagar ved utgangen av oktober (20 i september). 22 i oktober 2019. Altså +2.
- TSB (rus): 12 dagar ved utgangen av oktober (17 i september). 11 i oktober 2019. Altså +1.

Ventetid - Helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i oktober var:

- Somatikk: 67 hittil i år (69 dagar i oktober) – måltal er 53. 63 hittil i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- PHV: 25 hittil i år (23 dagar i oktober) – måltal er 40. 28 hittil i fjor. Altså -3.
- PBU: 42 hittil i år (30 dagar i oktober) – måltal er 35. 40 hittil i fjor. Altså +2.
- TSB (rus): 29 hittil i år (28 dagar i oktober) – måltal er 30. 24 hittil i fjor. Altså +5.

Fristbrot – måltall 0 prosent

- Førebels registrert 158 fristbrot på behandla pasientar i oktober svarande til 7,2 prosent av behandla i oktober (9,9 % i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,9 prosent.
- Førebels registrert 204 nye fristbot i oktober, svarande til 9,4 prosent av alle med frist i oktober (8,7 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,1 prosent.

Direkte timetildeling – måltall 100 prosent (ingen tentative timer)

Førebels 76 prosent for første time (74 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 82 prosent. 81 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timer (81 prosent i september). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 81 prosent.

Andel ikkje møtt

Stabilt lavt med 1,0 prosent (1,2 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,8 prosent.

Epikrisetider

- Innan 1 dag: somatikk 72 prosent i oktober og hittil i år 73 prosent (75 prosent i 2019). Psykisk helsevern 44 prosent i oktober og hittil i år 41 prosent (34 prosent i 2019)
- Innan 7 dagar: somatikk 90 prosent i oktober og hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2019). Psykisk helsevern 92 prosent i oktober og hittil i år 94 prosent (89 prosent i 2019).

Korridorpasientar

Stabilt lågt med 17 korridorpasientar, svarande til 0,2 prosent (0,5 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,2 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

40 døgn i oktober, svarande til 0,8 prosent av alle liggedøgn (0,3 prosent i snitt i 2019). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,1 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Det var 17 strykingar av totalt 453 planlagde operasjonar svarande til 3,8 prosent (2,8 prosent i september). Gjennomsnitt for 2019 var 4,5 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 672	1 784	-112	1 728	-56	15 967	17 694	-1 727	16 969	-1 002
DRG-poeng poliklinikk, A	468	477	-10	470	-2	4 021	4 355	-334	4 377	-356
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	89	78	10	85	4	1 635	1 597	38	1 491	144
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	43	44	-1	46	-3	499	514	-16	489	10
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 271	2 383	-112	2 329	-57	22 122	24 160	-2 038	23 326	-1 204
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	148	164	-16	178	-30	1 205	1 518	-314	1 627	-422
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 377	2 504	-127	2 461	-84	22 828	25 164	-2 336	24 464	-1 636
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 302	1 257	45	1 181	121	11 914	11 939	-25	11 764	150
Tal sjukehusopphald	1 503	1 571	-68	1 582	-79	14 361	15 722	-1 361	15 123	-762
Tal polikliniske konsultasjonar	10 460	10 695	-235	10 336	124	89 548	100 002	-10 454	96 749	-7 201

Perioden

Aktiviteten i perioden var 1,9 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, men 1,3 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 4,7 prosent lågare enn budsjett (- 112 poeng) og 2,5 prosent lågare enn førre året (- 57 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 9,3 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 6,3 prosent lågare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 8,4 prosent lågare enn budsjett (- 2038 poeng) og 5,2 prosent lågare enn fjoråret (- 1204 poeng).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 657	1 579	78	1 625	32	14 052	15 631	-1 579	15 652	-1 600
Tal utskrivne pasientar	89	92	-3	89	0	871	880	-9	894	-23
Poliklinisk dagbehandling	14	9	5	29	-15	145	82	63	223	-78
Polikliniske kons. m/refusjon	2 104	2 347	-243	2 591	-487	19 765	21 576	-1 811	21 049	-1 284
Rus										
Tal heildøgnsopphald	532	604	-72	612	-80	4 708	6 232	-1 524	5 948	-1 240
Tal utskrivne pasientar	16	21	-5	25	-9	156	204	-48	209	-53
Polikliniske kons. m/refusjon	231	287	-56	270	-39	2 228	2 626	-398	2 293	-65
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	131	132	-1	200	-69	1 137	973	164	1 093	44
Tal utskrivne pasientar UPH	8	9	-1	6	2	70	68	2	53	17
Polikliniske kons. m/refusjon	1 566	1 676	-110	1 565	1	13 886	15 181	-1 295	14 210	-324

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne i perioden har vore høg for døgnbehandling, medan dagaktiviteten er litt lågare enn plan. Beleggsprosenten på DPS'a er 83 % i snitt. Akuttposten hadde 86 % belegg i perioden.

Innanfor TSB har aktiviteten i perioden vore litt lågare enn plan, og den er også lågare enn førre året. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane var 65 % i perioden. Det er færre pasientar frå andre føretak grunna Covid-19.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore litt lågare enn plan, og akkumulert er poliklinikk om lag som i fjor. 70 % belegg ved UPH i perioden.

Beleggsprosent døgnsesjonar



Beleggsprosenten i perioden er 83 % i snitt på DPS'ane, og 65 % på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 70 % i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 86 %.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	172 449	172 449	0	1 657 559	1 657 559	0
Inntekter pasientbehandling	66 364	66 331	33	606 074	660 018	-53 944
Øyremerka tilskot	5 444	3 081	2 363	27 129	28 565	-1 436
Andre driftsinntekter / Eigendelar	12 264	14 377	-2 113	124 015	139 499	-15 484
Sum driftsinntekter	256 521	256 238	283	2 414 778	2 485 641	-70 864
Kjøp helsetenester	-5 283	-13 426	8 142	-107 644	-140 950	33 305
Varekostnad	-29 289	-25 086	-4 204	-262 203	-241 004	-21 199
Innleige personell	-3 567	-555	-3 012	-31 303	-15 472	-15 831
Personalkostnader	-158 179	-147 007	-11 173	-1 419 628	-1 403 205	-16 423
Pensjonskostnad	-14 832	-14 854	22	-146 547	-146 547	0
Ordinære avskrivningar	-6 106	-6 500	394	-61 152	-65 000	3 848
Andre driftskostnader	-39 809	-44 836	5 028	-354 539	-443 809	89 270
Sum driftskostnader	-257 065	-252 263	-4 802	-2 383 017	-2 455 987	72 970
Driftsresultat	-544	3 975	-4 519	31 761	29 655	2 106
Finansinntekter	146	200	-54	2 779	2 000	779
Finanskostnader	-110	-341	231	-2 080	-3 323	1 243
Finansresultat	36	-141	178	699	-1 323	2 022
Ordinært resultat	-508	3 833	-4 341	32 459	28 332	4 128

Perioden

Resultatet i perioden var eit underskot på 0,5 millionar, som er 4,3 millionar lågare enn budsjett.

Inntektene er omtrent lik budsjett. Aktiviteten var lågare enn budsjett, men på grunn av rutinemessig gjennomgang av aktiviteten i september er inntektene knytt til pasientbehandling lik budsjett. Andre driftsinntekter er 2,4 millionar betre enn budsjett. Av dette er 1,9 millionar knytt til inntektsføring av sysselsettingsmidlar i samband med Covid-19. Andre driftskostnader består av eigendel, refusjon frå Helfo, utanlandske pasientar og anna inntekt, som er 2,1 millionar lågare enn budsjett.

Sum driftskostnader i perioden er 4,8 millionar over budsjett. Det største avviket er knytt til personalkostnader og leige av personell som til saman er på 14,1 millionar. Meirforbruk på personalkostnader er ein følgje av handtering av lønnsoppgjjer i år kor ein har satt av i forhold til budsjett. I

tillegg er det estimert eit meirforbruk på 6,7 millionar knytt til covid-19. Når det gjeld meirforbruk på varekostnader er dette i hovudsak kreftmedikament og H-resept.

Mindreforbruk på kjøp av helsetenester er i hovudsak gjestepasientar innan somatikk og noko på psykisk helsevern. Andre driftskostnader er 5 millionar betre enn budsjett. Noko av dette er knytt til tidlegare periodar. Ekstraløyving i samband med covid-19 er lagt inn som auke basisramme og auke i andre driftskostnader på budsjetteknisk på 6,8 millionar. Pasienttransport bidreg positivt med 1,6 millionar. Drift & Eigedom har hatt eit meirforbruk på 3,8 millionar. Dette er knytt til bruk av sysselsetningsmidlar og Covid-19.

Akkumulert

Akkumulert resultat er eit overskot på 32,5 millionar, som er 4,1 millionar betre enn budsjett. Økonomiske konsekvensar av covid-19 er estimert til 80 millionar. Per oktober har HFD inntektsført 74,5 millionar av ekstraløyving på 98,2 millionar.

Inntektene er 70,9 millionar lågare enn budsjett noko som heng saman med pandemien. Inntekter knytt til pasientbehandling er 54 millionar bak budsjett. Aktiviteten målt i DRG-poeng er 2038 poeng lågare enn budsjett. Andre driftsinntekter er 15,4 millionar bak budsjett. Dette er i hovudsak knytt til eigendelar og refusjon frå Helfo.

Innanfor H-resept er inntektene 1,1 millionar over budsjett og kostnadane er 6,9 millionar høgare enn budsjett. Resultateffekten av H-resept er negativ med 5,8 millionar.

Kjøp av helsetenester har eit mindreforbruk på 33,3 millionar. Av dette er 28 million knytt til reduserte gjestepasientkostnader innan somatikk som følgje av covid-19, samt noko på kjøp av tryggleiksplassar i PHV.

Varekostnader har eit meirforbruk på 21,2 millionar. Til no i år er varekostnadene innanfor kirurgisk klinikk 2,7 millionar lågare enn budsjett som følgje av redusert elektiv verksemd. Hovudgrunnen til meirforbruket er medikament og då spesielt innanfor kreft på 9,3 millionar, H-resept på 6,8 millionar og medisinsk heimebehandling (insulin) 5 millionar, samt 3,4 millionar på mikrobiologisk avdeling som er knytt til Covid-19.

Personalkostnader har eit meirforbruk på 32,2 millionar. I rekneskapen har ein no satt av i forhold til budsjett og har dermed ikkje tatt høgde for at lønnsoppgjeret vert lågare enn føreset.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 89,3 millionar. Dette er på grunn av at ekstra midlar frå covid-19 er budsjetttert på denne rekneskapslinja, som til no i år utgjer 74,5 millionar. I tillegg har pasienttransport hatt 13,4 millionar lågare kostnader enn budsjett. Resultateffekten for pasienttransport er positiv med 9,8 millionar på grunn av lågare inntekter enn budsjetttert.

Likviditet

Per utgangen av oktober 2020 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 298,3 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 299,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i september 7,3 prosent. Det er 1,2 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og 0,8 prosentpoeng høgare enn førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste 12 månadane er 6,5 prosent.

Månadsverk



Brutto månadsverk i perioden var 2392. Dette er 99 fleire enn same periode i 2019.

Netto månadsverk i perioden var 2209. Dette er 63 fleire enn same periode i 2019.


Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


TryggKirurgi




Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei siste 12 månedene.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal kartleggast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.



Snittet for Helse Førde er 76 prosent i perioden mot 75 prosent i førre månad.




Snittet for Helse Førde er 74 prosent i perioden mot 73 prosent i førre måned.



Snittet for Helse Førde er 64 prosent i perioden mot 63 prosent i førre måned.

Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. HFD er innanfor målalet i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude og oransje pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt, og HFD hadde høgare mediantid enn målet.

Oppstart av antibiotika

